



STYREMØTE, fredag 22. mai 2015 kl. 1900-2100

STAD: Hjø Margarethe L'orange, Gol

Tilstades: Margarethe L'orange, Maria Søndrål, Grethe Larsgard Rudningen, Sønnev Skrede, Eva Almhjell

Forfall: Ingen

Referat: Grethe L Rudningen, 23.5.15

Sak	Tema	Ansvar/Oppfølging
	Nytt styremedlem/kasserar, Sønnev Skrede, vart ynskt velkomen	
1	Økonomistatus pr. 30. april 2015 (sjå vedlegg 1)	Styret var nøgd med statusen, som er på plussida.
2	Status – boksal pr. 30. april 2015 (sjå vedlegg 1)	Meir enn 90 Anne-bøker seld til no. Boksmia sin del overført.
3	Info-tavle – utkast ferdig. Designhjelp trengs. Søknad om støtte til tavla sendt Hol kommune. OSS treng denne støtta for å realisere tiltaket. Tavla er tenkt sett opp i Sletto-svingen – vonaleg sommaren 2016.	Margarethe følgjer opp designspørsmålet etter styremøtet 10.4.15. og sjekkar kostnad. Eva sjekkar søknadsstatus i Hol kommune. Har søkt om kr. 5000. 29.5.15: Saka kjem opp i Kommunestyret 24.6.15
4	Samarbeid med Per Sivle-laget for å få gløynde nynorskforfattarar fram i lyset – status. Fyrste arbeidsmøte 5. og 6. september. Innspel frå Arild Mikkelsen i årsmøtet om også å ha med Alf Larsen blant dei gløynde nynorsforfattarane grunna den nære relasjonen mellom OS og AL.	Eva orienterte. Styret vedtok at Eva, Maria og Grethe reiser – truleg på eigen kostnad. Styret drøfta innspelet, men ser ikkje at det er nokon grunn til å ha Alf Larsen med i denne samanhengen. Arild Mikkelsen er varsla om saka.
5	Bokmesse 2015 på Ål i november– OSS invitert til å vera med .	Styret drøfta saka og takkar ja til å bli med.
6	OSS-uttale til Strategisk kulturplan for Hol	Maria orienterte. Styret diskuterte saka, og Maria skal utforme våre synspunkt. Sjå uttale til Hol Kommune. Formelt HØ-svar sendt i brev datert 26.5.15.
7	Kven i styret vil prøve seg som co-nettredaktør for OSS?	Styret drøfta saka og alle i styret skal gjera seg godt kjend med nettsida og koma med innspel til leiar.

8	Per Gjetar som lydbok .	Styret drøfta saka. Ynskjer opptak sommaren 2015 og lansering i november 2015. CD-omslaget bør vera nokonlunde lik boka. Eva har kontakta teiknaren, Anne-Mari Gretteberg Gjerstad, som støttar bruken av hennar illustrasjon til CD-en. Eva innhentar tilbod.
9	Årshjul OSS.	Eva la fram utkast. Styret syns det er ein god idé å ha eit årshjul for det som skal skje kvart år. For kvart år kan ein også skrive inn aktuelle prosjekt for det året. Eva arbeider vidare med saka.
10	<p>Eventuelt:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Oppmoding frå Osvald Medhus under møtet på Vika 5.2.2015 om at OSS skal skrive om kvifor Olav Sletto reiste frå Hol og ikkje kom att før han vart gamal. -OSS og etterbruk av Hovet skole -Samarbeid om kulturtilbod – Geilo -Foredrag H-2015 (JØS/GOL, EVA/VÅLE og ÅL) -Neste styremøte i september, i Vestfold, med befarung til stader av relevans for OS – liv og dikting? - Arbeidsmengde og –fordeling i styret. 	<p>Styret drøfta innspelet, men fann det ikkje interessant å føre den idéen vidare. Osvald Medhus er varsla om saka.</p> <p>Dersom OSS skal flytte arrangement frå Vika, syns me Hol Bibliotek med Sletto- rommet er interessant. Etterbruksnemnda er varsla om saka.</p> <p>Styret tenkjer seg at Visit Geilo kan vera interessert i å f.eks arrangere turar med forteljingar om Olav Sletto og mora. OSS kan tipse aktuelle arrangørar om den litterære skatten me har i Hol kommune.</p> <p>Eva orienterte.</p> <p>Styret drøfta saka. OSS vil ta initiativ overfor historielaga i Hallingdal for å få Jørn ØS til å halde foredrag for eit stort publikum tidlegast i 2016.</p> <p>Styret drøfta saka, og syns det er interessant å besøke stader med tilknytning til Olav Sletto og mora Anne. Me kombinerer det med eit styremøte i Tønsberg (17.09.-18.09).</p> <p>Styret meiner leiar skal fordele oppgaver til styremedlemmene. Alle kan ta initiativ til nye saker.</p>